

# Dei første menneska ved Hå-ånå

TOR OBRESTAD

Det er spor etter menneske på ein buplass ved utløpet av Hå-ånå som går tilbake til om lag 6300 f. Kr. Under eit to meter tjukt belte med rullestein fann ein eit jordlag med trekolbitar, skal av hasselnøter, skjørbrent stein og reiskap av flint. Dette er den eldste buplassen som ein har funne på Jæren. Den gongen sto sjøen to til tre meter høgare enn i dag, slik at elva rann ut i ei åpen bukt. Innover langs elva, eller havbukta, som strekte seg innover, har ein funne andre buplassar frå eldre steinalder. Det er ei å i eit temmleg flatt landskap. Heile vassdraget har ein høgdeskilnad på under 100 meter.

Den gongen var det eit varmare klima her enn i dag. Endå varmare vart det kring 4000 f. Kr., då reknar ein at den årlege gjennomsnitttemperaturen låg to til tre grader over den me har i dag. Lauvskogen sto tett innover flatene. Langs vassdraga på Jæren finn me den første busetnaden i denne delen av landet. På Hå var det ei naturleg hamn fordi bukta skapte eit visst vern mot havsbølger og vindar. Den rolege, buktande elva var ein fin ferdselsveg innover i skogane der ein kunne jakta på større vilt som elg, villsvin og bjørn, samt på mindre vilt. Og ein kunne lett frakta bytte og ved. Antakeleg brukte desse menneska uthula stokkar som båtar. Ute i havet brukte dei nok skinnbåtar med trespanter. Elvane på Jæren var dei viktigaste ferdsels-

vegane på slettene i mange tusen år. I skogane kunne ein også sankha hasselnøter og grava opp jordrøter. Men den viktigaste grunnen til at elveosen vart busett så tidleg og så lenge, var at sjømaten; fisk, skaldyr, skjell, sjøfugl, egg og sel fans rikeleg i denne grensesona mellom salt og fersk vatn. Næringsgrunnlaget var så stabilt at dei kunne livnæra seg i området året rundt. Storleiken på denne første buplassen kan tyda på at det kan ha vore eit lite samfunn på 15-20 menneske her. Kulturlaget kan fortelja at det kan ha budd menneske på buplassen i 400 år.

Men buplassen vart fråflytt. På grunn av nedsmeltinga av isbrear over Nord-Amerika kring 5000 f. Kr., begynte havsnivået å stiga. På det høgste, om lag 2700 f. Kr., var nivået sju-åtte meter høgare enn i dag. Menneska flytta oppover mot holane der det var tørrare. Dei var ikkje fastbuande, men pendla mellom fleire basar, alt etter som årstidene veksla. Det er til dømes mange steinalderbuplassar ved Storamø og ved Holmavatn. Dei nedste delane av Hå-elva, ein to tre kilometer, var omdanna til ein krokete brakkvatnsfjord. Frå elvemunninga og om lag seks kilometer innover i landet er det påvist meir enn 30 buplassar. Dei fleste ligg på nordsida av elva, der Nærland, Njærheim og Søyland ligg i dag. På desse leirstadene eller buplassane



*Hå-åna buktar seg i dag gjennom eit oppdyrka og regulert jordbrukslandskap, ulikt det dei første menneska møtte.  
Foto: Søren Sviland.*

har ein funne veldige mengder med flint, det har vore opp til 10 000 flintgjenstandar på kvar stad.

Om lag på denne tida, om lag 3000-2500 f. Kr., begynte folka å halda husdyr. Etterkvart tok dei også til å driva med jordbruk. Frå desse hundreåra ser me den langsame omdanninga av økonomien. Frå å vera eit samfunn som levde av hausting, fiske og fangst, blei det til eit samfunn som livnærte seg av produksjon. Delvis vart dei fastbuande, men dei ferdast også vida. Desse menneska hadde kontakt med folk på Jylland, det fins spor som tyder på omfattande bytehandel. Kan

henda tok dei med seg impulsar derifrå for å driva med fehald og åkerbruk. Kring 2500-2300 f. Kr. blir folk fastbuande i store trehus, og nokre hundreår seinare lever dei i hovudsak av det dei avlar med husdyr og korn. Nå er det dei for alvor flyttar opp på holane, dei tørre og lett drenerbare morenehøgdena på sletta. Reiskapane dei brukar er ennå laga av flint og bein. Dette er arbeidsreiskapane heilt til dess jernet vinn innpass, dette tar til om lag 500 f. Kr. Bronsen i bronsealderen var meir eit statusmetall enn eit bruksmetall.

Frå desse hundreåra då folk drog seg opp frå åna og





slo seg ned på moreneryggane, fekk me ein busetnad som peikar mot samfunnet slik det var i historisk tid. Sentralgardane i området vart antakeleg etablerte i skiftet mellom yngre steinalder og bronsealder, eller frå 2000 f. Kr. og framover. På høgdene langs ånå er det den dag i dag synlege spor etter menneska frå eldre bronsealder: På Obrestad, Njærheim, Nesheim og Gudmestad ligg haugar og fortidsminne tett. Ikkje minst må Haugland ha vore ein sentral buplass i denne tida. Staden har ikkje vore særleg undersøkt, men alle bronsealderhaugane fortel om kor mykje aktivitet og kor stor rikdom det må ha vore på desse holane.

I heile perioden har det vore fast busetnad nær utløpet på Hå-elva. Alle gravrøysane langs stranda vitnar om lang brukstid og at det må ha vore ein gravstad for heile området. Kan henda har det også vore ein kultstad og ein stor gravplass. Dei fleste gravene eller røysane er bygde etter Kristi fødsel og ein fem-seks hundre år framover.

Det har ikkje vore skrive mykje om Hå-ånå og området som soknar til elva og den rolla det kan ha spela for dei eventyrlystne og erobrande jærbuane i hundreåra etter at vår tidsrekning tar til. Det har blitt meir og meir akseptert av granskarane at distriktet var utgangspunktet for handels- og røvarferder mot Dan-

*Slik kan ein tenkja seg ein steinalderbuplass langs Hå-ånå om lag 6000 år f.Kr. Villsvinsteik var antakeleg daglegkost. Ein veit at desse menneska budde i telt laga av skinn, men i denne perioden har ein i Hordaland og på Jylland også funne tufter eller spor frå trebygde hytter. Menneska slo seg ned ved elveutløp og i sund i overgangen mellom saltvatn og ferskvatn der tilgangen på næring var konstant og rikeleg.*

*Teikning: Eva Gjerde.*

mark og Europa elles. Dette avgrensar seg ikkje til det som tradisjonelt har vore kalla vikingtida, men gjeld også for hundreåra før, ja, heilt tilbake til 200 e. Kr.

Fjorden eller bukta ved utløpet av ånå var ei framifrå hamn. Ein arkeolog som Bjørn Myhre hevdar at det i Obrestad hamn må ligga ei tuft frå folkevandringstid på heile 40 meter! Dei gamle på Obrestad seier det er sjøbua til handelsmannen Jon Larsson Obrestad (1764-1822). Om Myhre si oppfatning stemmer, vil det seia at området kunne utstyra seg med mannskap og eit skip på over 30 meter, som er større enn det meste som fans på denne tida. Kaserneanlegga på Leksaren og på Klauhaugane tyder på ein konsentrasjon av krigarar og vaktmannskap kring 400 e. Kr. som er betydeleg. Den lokale organiseringa av vardar og etterkvart bygdeborgar fortel om urolege tider og strid om makt. Og gravfunna frå romartid og framover vitnar om rikdom, handel og røvarferd. Her er kostbare importsaker av gull, bronse og glas. Det må ha vore produksjonsauken langs leidingsområdet kring elva som la grunnlaget for ein slik ekspansjon. Rike lokale menneske har reist ut i verda, lært, sett og tileigna seg, eller røva, verdiane.

Soga om vikingane og stridane som førte til rikssamlinga er nedteikna delvis av dei gamle sogeforteljarane som Snorre Sturlasson, og delvis av forskarar i dag. Også på denne tida var området kring ånå med og bidrog til utvikling og historie. Men den sida av saka kan andre skriva om. Vårt poeng er bare at det frå dei første tider av, og så lenge det har budd menneske her, har området som grensar mot Hå-ånå vore sentralt i utviklinga av dei jærskje bygdene.